



Åse Helen Holm  
Nordstrandsvegen 6  
5265 YTRE ARNA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1578 - 16/3008

Saksbehandlar:  
Bjarte Buanes  
bjarte.buanes@meland.kommune.no

17.02.2016

## Førespurnad om bruk av gbnr 36/96 i Meland kommune

I 2014 avviste Meland kommune din søknad om løyve til oppføring av fritidsbustad på gbnr. 36/96 i Meland kommune. Om grunngevinga for avslaget vert det vist til vedlagte vedtak av 23.6.2014 i administrativ sak 14/1578. Vedtaket vart ikkje påklaga.

Kommunen har i ettertid fått opplyst at det likevel skal vere sett i gang byggjearbeid på eigedomen – i form av betydelege terrenginngrep, grunnarbeid og montering av stålkonstruksjonar – og at eigedomen i dag står fram som ein byggeplass. Slike arbeid vil vere søknadspliktige etter Plan- og bygningsloven (pbl.) kap. 20 og difor avhengig av kommunal godkjenning med tilhøyrande erklæringar om ansvar frå føretak med naudsynt kompetanse.

Kommunen ber på denne bakgrunn om din skriftleg tilbakemelding på om det er utført slike arbeid på eigedomen som skildra over. Dersom det er utført byggjearbeid ber kommunen om nærmare opplysningar om kva arbeid det er tale om m.o.t. art, omfang og tidspunkt for utføringa, eventuelt at det vert sendt inn søknad om byggjeløyve for utførte og eventuelt føreståande byggjearbeid frå eit kvalifisert føretak.

For det tilfelle at det er utført byggjetiltak i strid med føresegner gitt i eller i medhald av pbl. har kommunen plikt til å følgje dette opp, jf. pbl. 31-2. Om handsaming av ulovlege tiltak vert det vist til reglane om oppfølging av ulovlege byggjetiltak i pbl. kap. 32.

Frist for tilbakemelding eller søknad vert sett til **9. mars 2016**.

Med helsing

Bjarte Buanes  
byggjesakskonsulent/juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)



**Mottakere:**

Åse Helen Holm

Nordstrandsvegen 5265  
6

YTRE ARNA